

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 11. juni 2020 08:07
Til: Johann Roppen
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 23/2020, 11. JUNI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 23/2020, 11. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

HØGSKULESTYRET HAR MØTE TORSDAG 11. JUNI

Høgskulestyret har fysisk møte i dag torsdag 11. juni. [Møtet blir tilgiengeleg også på video](#). Her er [styresakene](#) som skal drøftast på møtet.

REKTORBLOGGEN: ORIENTERING TIL HØGSKULESTYRET

Rektor gjev på kvart styremøte ei orientering til høgskulestyret om aktuelle saker. Denne gongen vart orienteringa sendt til styremedlemmene på førehand og vart også publisert på rektorbloggen. Korona, master i barnehagekunnskap og UH-lov var tema i denne orienteringa. [Les heile orienteringa til styremøtet 11. juni på rektorbloggen](#).

HØGSKULESTYRET OM NY UH-LOV: FLEIRTAL FOR EKSTERN STYRELEIAR

På møtet i høgskulestyret 28. mai vart framlegg til ny UH-lov drøfta. Høgskulestyret var delt i synet på kva styringsordning som er best for sektoren. Eit fleirtal på 7 meinte at alle UH-institusjonar bør ha ekstern styreleiar og at det bør vurderast å lovfeste at rektor skal vere tilsett. Dei 4 faglege representantane, inkludert rektor, røysta i mot dette framlegget. Høyringssvaret kommenterte også ei rekke andre sider ved framlegget til ny UH-lov. Rektor sende inn høyringssvaret 5. juni. [Her er heile høyringssvaret frå Høgskulen i Volda.](#)

BYGGEARBEID: NY GANGTRASE MELLOM HUSA PÅ HØGSKULEN

Frå veke 25 og ein månad framover vil arbeid med VCA og nytt mediebygg føre til at gangtraseen mellom Berte Kanutte- og Hans Strøm-huset vert lagt om, og dei som skal gå denne vegen får nokre ekstra meter trim: Ny rute vert over grasplenen ved Synnøve Riste-huset til Nytun-vegen, kor det går ein liten sti som kjem inn ved «paviljongen». På www.hivolda.no/mediebygg ligg teikning av nye gangruter og bygginformasjon. Det vil også verte skilta alternativ veg for varetransport og liknande.

NYTT LÅSESYSTEM: ALLE TILSETTE KAN HENTE NYE INNGANGSKORT FRÅ 12. JUNI

Frå fredag 12. juni kan alle HVO-tilsette ta turen innom studentsørvis for å få seg nye inngangskort i høve utbytting av låsesystemet ved høgskulen. Skiftet vil skje i sommar, og dei som vil inn utanom opningstid må sikre seg kort av den nye sorten no. Studentar som allereie er i studieløp får nye kort når dei kjem attende til hausten.

FORSKAR PÅ "SOMMARLES"-KAMPANJEN

Mange barn les lite i sommarferien, og det merkar lærarane i skulen når hausten kjem: Mange elevar er klart dårlegare å lese om hausten enn dei var om våren. Kampanjen "Sommarles" prøver å få barn til å lese meir om sommaren, og Høgskulen i Volda og Møreforsking Molde med fleire forskar på Sommarles-kampanjen. Det er [Silje Ims Lied](#), AHL, som er med i prosjektet frå Høgskulen i Volda si side. [Les meir om Sommarles og forskingsprosjektet på Nynorskcenteret sin blogg](#). På nettsida nynorskbok.no finn du over 1.000 tips til nynorske bøker.

KANTINA LEVERER MAT PÅ BESTILLING

Dei tilsette på studentkantina på Høgskulen i Volda har vore permitterte sidan i mars.

[Kantina har opna for matbestilling](#), men ver ute i god tid. Det blir ikkje mogleg å handle over disk ut dette semesteret.

BOKHANDELSEN HELD OPE UT JUNI: PENSUMBØKENE KJEM I TIDE

[Akademika-bokhandelen i Aasen-huset](#) har opna igjen etter koronakrisa og står no på for fullt for å skaffe bøkene som står på pensumlistene på studia ved Høgskulen i Volda. Fagansvarleg Elin Longva seier at dei fleste bøkene ser ut til å gå greitt å skaffe, men bøker som skal sendast frå USA må ein rekne med lengre leveringstid enn vanleg. Om det er studium som ikkje har publisert pensumlister så begynner det å bli lite tid til å skaffe bøkene til studiestart. [Her er oversyn over emne og pensumlister for hausten 2020](#).

PUBLISERINGAR: SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

NYTT OM TILSETTE PÅ HVO:

NYE INSTITUTTLEIARAR PÅ AHL

Dekan [Arne Myklebust](#) har oppnemnt instituttleiatarar for tida 1. august 2020 - 31. juli 2022: Institutt for realfag: [Eirik Søvik](#). Institutt for språk og litteratur: [Tor Arne Haugen](#).

FLEIRE NYE FØRSTELEKTORAR

[Gunhild Bergset](#), AHL, har fått opprykk til førstelektor.

[Antje Meier](#), AHL, har fått fagleg opprykk til førstelektor.

[Susanne Moen Ouff](#), ASH, har fått opprykk til førstelektor.

ODD RAGNAR HUNNES HAR VORTE PENSJONIST

[Odd Ragnar Hunnes](#) har slutta som dekan på AMF og vorte pensjonist. Hunnes vart tilsett på MRDH Volda i 1985 og har seinare vore tilsett på Møreforskning, Volda lærarhøgskule og Høgskulen i Volda. Han har vore dekan både på Avdeling for lærarutdanning, Avdeling for samfunnsfag og historie og no sist på Avdeling for mediefag. Hunnes held fram på høgskulen på "seniorvilkår".

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO](#).

28.5.2020: Styremøte ([video frå møtet](#))

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

Studieåret 2020-2021

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

28.-29.10: Utdanningsdagane

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

11.6.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)

28.05.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](#)

